



Kari Ljosnes fristar med flott pokal til vinnaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Er du Uskedalens beste tippar?

Spørsmålet har til no vorte stilt i 3 veker på SPAR og om to veker til får ein svaret.

Tippetevlinga som Kari Ljosnes er sjef for har førebels kome vel halvvegs.

- Det er tredje gongen vi har ei slik tevling, fortel Kari, som litt lattermild peikar på eigen plassering på rankingen så langt. Ho har fått berre 4 rett i to veker på rad og 7 den tredje veka og dermed har ho ein relativt beskjeden plass.

- Eg har visst ikkje noko særleg peiling på eller er interessert i tipping sjølv, seier Kari, som oppmodar fleire om å bli med når ein ny runde blir kunngjort.

I denne rundan er berre 8 med.

Tevlinga gjeld ein 64 rekker laurdagskupong. Det starta 28. august og dei andre datoane er 4. september, 11. september, 18. september og 25. september.

Tipparane som så langt har vore med har desse resultat: Odd S. Arnesen: 8 og 9, Frode Arnesen 8,6 og 8, Tom Haugland 7, Jannike L. Myklebust 7,6 og 4 ,Frank Stensletten 6,6 og 9, Joakim L. Myklebust 5,6 og 9, Kari Ljosnes 4,4 og 7, Bjørn Bringedal 6 og 8.

Det blir lokka med fine premiar. Førstepremien er ein glitrande fin pokal og dei som inntar dei to neste plassane får eitt eller anna frå Norsk Tipping.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen